

Møteprotokoll

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre

Møtestad: Stigen

Dato: 27.-28.09.2021

Tidspunkt: 27.09. kl 10.00 – 28.09. kl 15.00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Trygve Skjerdal	Leiar	Aurland kommune
Audun Mo	Nestleiar	Lærdal kommune
Marta Sofie Vange	Medlem	Vik kommune

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	Vestland fylkeskommune
Bjørg Djukastein	Medlem	Voss herad

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Sigbjørn Hauge	Bjørg Djukastein	Voss herad

Merknadar

Trygve Skjerdal var med frå 27.09. kl 17.00

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Verneområdeforvaltar
Jorunn Vallestad	Verneområdeforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 58/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 59/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 60/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker - Arbeid med forvaltningsplan		
ST 61/21	Delegerte saker		
DS 22/21	Deleget vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernområde - Hjølmo - motorferdsel - traktor - frakt av stein til stølshus		2021/12558
DS 23/21	Deleget vedtak - endring - Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - helikopter - Frondalen - Håvasete		2021/5890
ST 62/21	Nærøyfjorden landskapsvernområde - motorferdsel - redningsskøyte - høg fart Dyrdal - Stølsnes		2021/12487
ST 63/21	Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - opprusting av sti Undredal - Stokko - Undredal grendelag		2021/13193

ST 58/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 27.09.2021

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

ST 59/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 27.09.2021

Vedtak

Marta Sofie Vange vart valt til å skrive under protokollen saman med styreleiar Trygve Skjerdal.

ST 60/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 27.09.2021

Synfaring

På måndagen vart det gjennomført synfaring på Stigen, Øvste Stigen og Fristølen. På synfaring til Fristølen vart det observert at det framleis ligg materiale lagra etter reiskapshus/WC som var vedtak om å fjerne i sak 5/18 i Nærøyfjorden verneområdestyre. Verneområdeforvaltarane vil fylgje dette opp. Styret såg på stølshuset til Irene og Ottar Stegen på Fristølen, og er positive til planane om restaurering. På synfaring på Øvste Stegen inspiserte styret løa som er under restaurering, og grøftearbeidet som er gjennomført. Begge delar såg veldig bra ut. Ottar Stegen skal kappe plastrøyet som stikk ut av steinmuren på nedsida av huset, slik at det blir mindre synleg.

På tysdagen vart det gjennomført synfaring til Åsen og Beitelen.

Det vart sett på stiane både opp til Stigen, mellom Stigen og Øvste Stigen og opp til Åsen. Dee Cunningham vil gjennomføre nødvendig vedlikehaldsarbeid på desse stiane. På stien opp til Stigen er utfordringa vatn som grev stien djupare ned i terrenget, og hovudtiltaket vil vere å leie vatn vekk frå stien. Mellom Stigen og Øvste Stigen er det eit parti der ei gamal grøft har gått tett, slik at vatn samlar seg og kan true ein steinmur. Tiltak her blir å opne opp igjen grøfta. I bakkane opp mot Åsen har det rast ein del stein som ligg laust i stien. Her bør det ryddast og steinane brukast til å utbetre stien i svingane. På Åsen er det berre positivt om grunneigar vil rydde utsikt, men dette er ikkje eit tiltak styret vil bruke midlar på. Det kan brukast tiltaksmidlar på å rydde/slå selbøen.

Styremøte

Det er registrert at buret til kjøttoppheng på Nedbergo, som grunneigar i sak 45/20 fekk pålegg om å fjerne innan 1. mai 2021, framleis står. Grunneigar har bedt om utsett frist til neste vår/sommar med å fjerne det. Styret meiner bygget må fjernast i haust, og gjev grunneigar frist til 15. november 2021 for å fjerne det.

Det har kome inn fire klager til sak 57/21, utsiktpunktet mot Sivlefossen. Styret meiner det blir for lenge å vente til neste planlagde styremøte 30. november med å handsame desse klagene, og nytt styremøte vil bli gjennomført onsdag 20. oktober kl 10.00.

Arbeid med forvaltningsplan

Det vart jobba med reviderte tekstforslag om retningslinjer for motorferdsel og bygningar. Styret kom med ein del innspel som vil bli tatt med i det vidare tekstarbeidet.

Vedtak

Orienterings- og referatsaker vart tatt til orientering.

ST 61/21 Delegerete saker

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 27.09.2021

Vedtak

Delegerete saker vart tatt til orientering.

DS 22/21 Delegert vedtak - Nærøyfjorden landskapsvernombord - Hjølmo - motorferdsel - traktor - frakt av stein til stølshus

DS 23/21 Delegert vedtak - endring - Nærøyfjorden landskapsvernombord - motorferdsel - helikopter - Frondalen - Håvasete

ST 62/21 Nærøyfjorden landskapsvernombord - motorferdsel - redningsskøyte - høg fart Dyrdal - Stølsnes

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 27.09.2021

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Redningsselskapet dispensasjon til treningskjøring med fart over 8 knop i fartsredusjonsona i Nærøyfjorden mellom Skalmenes og Bleiklindi i peridoen frå 01.10.2021 til og med 31.12.2022.

Dispensasjonen er gjeve med heimel i verneforskrift for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Dispensasjonen gjeld for redningsskøyta stasjonert i Leikanger. Omfanget av kjøringa med fart over 8 knop skal avgrensast til inntil 20 turar tur/retur i løyveperidoen.
- Treningskjøringa skal avgrensast til det som er strengt naudsynt for at mannskapet skal verta kjend med farvatnet i denne delen av Nærøyfjorden.
- Under kjøring skal det takast generelle omsyn til andre interesser og naturverdiar i området. Kjøringa skal gjennomførast slik at det gjev minst mogleg bølger som kan føra til skade på kulturminne og strandsona i verneområdet.
- Innan 30.01.2022 skal Redningsselskapet senda rapport om treningskjøringa til Nærøyfjorden verneområdestyre. Redningsselskapet skal observera bølgeverknadane på strandsona under trening, og notera observasjonar av dyr eller fuglar under treningsturane. Rapporten skal innhalda resultat frå observasjonane og erfaringar frå treningskjøringa.

ST 63/21 Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernombordet - opprusting av sti Undredal - Stokko - Undredal grendelag

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 27.09.2021

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gir Undredal grendelag løyve til å ruste opp stien mellom Undredal og Stokko. Løyve er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombordet § 1.3, f) og naturmangfaldlova § 48.

Løyve er gjeve med følgjande vilkår:

- Tiltaka skal avgrensast til det som er lista opp i tabell 1 i denne saka.
- Det skal gjennomførast midtvegssynfaring der det er naudsynt for å bli einige om omfang og plassering av enkeltiltak, som kommentert i tabell 1.
- Benken ved Dorganes skal vere ein enkel trebenk som er lite dominerande i landskapet.
- Undredal grendelag har ansvar for vedlikehald av sti og rastepllass.
- Det skal sendast rapport etter fullført tilrettelegging.

Tiltakshavar har plikt til å vise varsemd og til å straks melde frå til Vestland fylkeskommune ved avdeling for Kultur, idrett og inkludering, seksjon for kulturarv, dersom ein under arbeidet skulle støyte på automatisk freda kulturminne, jfr § 8, 2. ledd i Lov om kulturminne.